ALVER
KOMMUNE

Pressemelding 14. april 2021

# Heimeskule for elevar på Knarvik ungdomsskule ut veka

**Kommunen treng meir informasjon om smittesituasjonen før dei opnar skulen att.**

Knarvik ungdomsskule innførte heimeskule for alle elevar på skulen etter eit smittetilfelle søndag 11. april. Sidan dette tilfelle har to nye personar som er direkte knytt til skulen testa positivt.

– Medan koronasenteret jobbar med å få oversikt over smittesituasjonen, er det viktig at elevar og tilsette held seg mest mogleg heime. Difor har vi bestemt oss for å forlenge perioden med heimeskule til og med fredag 16. april, seier rektor Morten Olsen Schulstad.

Måndag 19. april opnar skulen på raudt nivå. Dette inneber at elevgruppa blir delt i to og kjem på skulen annankvar dag.

– I første omgang gjeld dette berre i to dagar. Vi tar ei ny vurdering tysdag 20. april og vil informere om korleis resten av skuleveka blir etter dette, seier rektor.

<u>Kontaktperson for pressemeldinga:</u>


- Morten Olsen Schulstad, rektor på Knarvik ungdomsskule
  Mobil: 938 34 265
  E-post: morten.olsen.schulstad@alver.kommune.no